

Lokale våghalsar valde ut til vintershow

Stavanger 2008 har nå vald ut sju lokale skitalent som får vera med som jibbarar i det spektakulære vintershowet "Mot Himlaleite" i Sauda frå 6. til 8. mars.



Biletet viser Vetle Halsnes (16) frå Sauda i aksjon Foto: Per Inge Fjellheim/Stavanger 2008

[Heidi Hjorteland](#)

Dei sju er:

Christian Helgø Swan (18), frå Stavanger
Gunnar Andre Gauthun (24) frå Stavanger
Lars Henrik Kilingland Løge (16 år) frå Sandnes
Mads Skaar (16) frå Sauda
Vetle Halsnes (16) frå Sauda
Sondre Fosstveit (12) frå Sauda
Tobias Bjønnes (16) frå Sauda.

Totalt 18 våghalsar møtte opp då Stavanger 2008 laga til skiaudition i Sauda skisenter sist helg. For uinnvigde så er jibbarar folk som utfører akrobatiske øvingar med ski på beina.

Ti lokale

Totalt skal Stavanger 2008 ha ti lokale jibbarar som skal kjøra i førestillinga saman med verdas beste jibbarar, blant desse Andreas Håtveit som i helga vann gull i slopestyle i X-games som nå pågår i Aspen i USA.

- Det var eit spanande uttak med mange talent i bakken. Me er imponerte over dugleiken deira og er sikre på å ha fått med oss ein gjeng som tåler utfordringar for det trengs, seier prosjektleiar for "Mot Himlaleite", Mocci Ryen. Jibbarane som er plukka ut må vera budde på å utføra store hopp, (utan å falla!) og la seg koreografera av koreografduoen Anne Grete Eriksen og Leif Hernes i Dansdesign. Dansdesign var leiiande koreografar for opnings-og avslutningsseremonien under Lillehammer-OL i 1994.

Balansekunstnar

Blant dei nær 100 aktørane som skal vera med i vintershowet i Svandalen, er profesjonelle dansarar, kor, muskarar og den kjende balansekunstnaren Eskil Rønningsbakken, mellom anna kjend for halsbrekkande balansestunt på Preikestolen og Kjerag.

"Mot Himlaleite" skal visast tre gonger frå 6. til 8. mars. Det kan bli ei fjerde framsyning søndag 9. mars også, om interessa er stor. Billettsalet går godt, opplyser dagleg leiar i Sauda Ferie og Fritid, Ragnar Fosstveit. Det vil bli sett opp ekstra båtar og bussar frå Stavanger og Haugesund i samband med arrangementet.

Arrangørane vonar at kvart show vil trekka rundt 1000 publikummerar. Også medlemmer frå kongefamilien er inviterte, men arrangørane har ennå ikkje fått svar frå Slottet. " Mot Himlaleite" er eit av kulturhovudstaden Stavanger 2008's største prosjekt.